

- Aldri meir naustloftavtale!

21.02.2010



Laila Eiren Broks overtek som leiar i Kvinnherad Arbeidarparti. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Arbeiderparti bør aldri meir inngå ein naustloftavtale.

Dette vart sagt av fleire under årsmøtet til partiet som vart halde på Solheim Turiststasjon i Uskedalen sundag. Øyvind Hardeland takka der for seg etter å ha vore leiar i eitt år og Laila Eiren Broks (frå Husnes) tok over.

Med seg i styret har ho Hardeland, Asbjørn Fjellhaugen, Harald Særsten, Lise Rørvik, Monica Lindseth og Arve Opsanger.



Avtroppande leiar Øyvind Hardeland sørga sjølv for kulturinnslaget under årsmøtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lars Magnar Bjelland var av dei som uttala seg svært kritisk til samarbeidsavtalen mellom partia i posisjon.

-Eg var sjølv med på avtalen og meinte den var nødvendig, men vi bør ikkje gjenta den.

Han hevda at samarbeidspartnerane "snur ryggen til oss når det passar dei".

- Nokon må seia til partnerane korleis eit samarbeid skal gå føre seg. Det er oss samarbeidet så langt har gått ut over, meinte Bjelland og hevda at "vi har med opne augo gjeve makt til Framtegspartiet."

Frøydis Fjellhaugen håpa at dette var siste goingen partietgjekk inn i ei politisk avtale med andre parti og meinte det burde innskrenka seg til valgteknisk samarbeid.

Ordførar Synnøve Solbakken hadde denne kommentaren: - Vi har fått igjennom ein god del saker gjennom avtalen og det har skjedd mykje positivt, men det har også vore utfordringar fordi samarbeidpartnerane har gjeve etter for press utanfrå. Men satsinga på Rosendal og Undarheim på skulesektoren ligg fast.

Avtroppande leiar Hardeland sa i si innleiing mellom anna at Kvinnherad kommune har ein svært god økonomi "med 60-80 millioner kroner meir til disposisjon enn andre kommunar i same situasjon", som han uttrykte det. Han roste også regjeringa for ei vellukka handtering av finanskrisa.

Men Hardeland måtte presentera ei årsmelding som fortalte at 91 medlemmer hadde betalt kontingent inn i dette året medan 21 ikkje har betalt sin kontingent for siste året.

Fylkesleiar Sveinung Valle frå Lindås opplyste om ein annan utvikling på fylkesbasis. I heile Hordaland vart det svært mange nye medlemmer av partiet ifjor og medlemstalet har no passert 4.000.

Fylkesleiaaren kom ellers mellom anna inn på strandsonepolitikken og meinte at det her er eit altfor strengt regime for tida.

-Arbeiderpartiet har alltid meint at strandsone skal vera for ålmenta, men det bør vera grensar for å vera firkanta, sa han og var meir oppteken av den funksjonelle strandsona enn 100-metersbeltet.

Årsmøtet sa nei til eit styreforslag om at partiet skal arbeida for at eigedomsskatten i sin heilheit skal øyremerkast til eldreomsorga i kommunen. Det vart også uttrykt tvil om det er lov å gjera ei slik øyremerkjing.

Av Ola Matti Mathisen